



--

Arkiv saknr:	2019/1672
Løpenr.:	12603/2019
Arkivkode:	160/49

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Sigrid Breiseth

160/49 - Dispensasjon frå føresegner om grad av utnytting


Vedlegg:

- 160/49 - Søknad

Bakgrunn:

Eigar av 160/49, Britt Reidun Øygarden ynskjer å bygge tilbygg til eksisterande anneks på eigedommen sin. Frå før er eigedommen utnytta med BYA på hytte 35 m², uthus 18 m² og anneks 20 m². Til saman 73 m² BYA.

Britt Reidun ynskjer å bygge eit tilbygg på 16 m² til eksisterande anneks, som då vil få BYA 20m² + 16 m² = 36 m². Total utnytting av eigedommen vil då vere 89 m² BYA.



Det er kommuneplanen sin arealdel som gjeld for dette området. Den seier at hovudbygg skal vere på maks 100 m² BYA og uthus/anneks kan vere på maks 20 m² BYA. Til saman 120 m² BYA.

Det blir derfor søkt om dispensasjon frå føresegnar om grad av utnytting .

Vurdering:

Når ein skal gje dispensasjon etter pbl §19-2 så må ein sjå til at føremålet bak føresegnene ikkje vert sett vesentleg til side og ein må vurdere tiltakets positive sider opp mot negative.

I dette høvet vil ein halde seg innafor den totale tillate utnyttinga av eigedommen – 120 m². Ein kan slik ikkje sjå at ein set føremålet bak føresegnene til side.

Så må ein sjå om fordelane ved tiltaket er større enn ulempene. Ei ulempe ved tiltaket er at det vil bli eit stort anneks, og det kan skape presedens blant andre hytteeigarar, men i slike tilfelle må ein uansett vurdere kvar sak individuelt. Det positive er at tilbygget vil vere lite synleg frå vegen og det vil gjeve inntrykket av å vere ei låve på eit tun. Der er allereie tre bygningar som skapar eit tun og eit tilbygg på eit av dei kan gje eit roligere inntrykk enn å sete opp endå eit bygg. Ein kan slik sei at fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene.

Rådmannens framlegg til vedtak:

I tråd med plb § 19-2 om dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel §11-11 nr 2 vedkomande maksimal storleik på uthus/bod, vert det gjeve løyve til å bygge anneks på inntil 36 m² BYA.
--

Rådmannen, 07.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/